



Surfing i Suldal

Fleire av glandene i Suldal har skifta ut tavla på nærbutikken med internetside.

Arne Vestbøstad

Suldalsposten har tatt ein kikk på kva dei ulike byggene i Suldal kommune har gjort for å presentera seg sjølv på nettet. Om lag halvparten av glandene i kommunen gjer seg lekre på nett, til glede for seg sjølv og andre klikkarar. Grendene Suldalsosen, Vanvik og Sand

har ikkje eigne nettsider å visa til, men byggene har grupper på Facebook. Leiar i Sand glandeutval, Bjarne Smedsrød, ser ikkje behovet for ei eiga side for Sand. - Me har hatt tilbod frå Norsk Plan om hjelpt til å laga ei side, men me takka nei. Me har kommunen til å ta seg av informeringa. I tillegg har ordføraren ei side på Facebook, og me har Suldalsposten. Det må ikkje bli for mange plassar å henta informasjon frå.

Øvre Suldal glandeutval har òg fått tilbod frå same firma om å laga ei nettside for grenda, men avslo dette. Dei såg føre

seg at dei ikkje ville klara å halda sida så oppdatert at ho ville vera interessant. I staden har dei ein aktivitetskalender som dei gir ut to gonger i året, der lag og organisasjonar mølder inn sine arrangement. Denne kalenderen har dei fått gode tilbakemeldingar på.

I Hylsfjord glandeutval hadde dei eiga nettside opp til diskusjon, men slo det då frå seg, i og med at dei ikkje såg at dei hadde behov for det. Grendeutvalet på Suldalsosen har ikkje diskutert nettside enda.

Nettsatsing

Suldalsbyggene si satsing på nett har blitt lagt merke til hjå Fylkesmannen. På nettsidene deira trekker dei fram Jøsneset og Ropeldhalvøya sine nettsider, saman med Imsland, som døme på korleis det kan gjeraast.

grendene.com

Jøsneset

Efjord.net

Vanvik

Ropeldhalvøya